

Kutt i bussrutetilbodet i Gaular kommune – fråsegn

015/16	Rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune	29.03.2016
--------	--	------------

Vedtak i REF- 015/16:

Uttale/fråsegn frå Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune:

Gjeld kutt i lokalbussrutene i Gaular kommune:

På grunn av sparetiltak i samferdselssektoren i fylkeskommunen, er lokale bussruter i Gaular kommune lagt ned i skuleferien. Det inneber at innbyggjarane i Gaular kommune er totalt utan busstilbod i denne perioden. For dei som av helse – eller andre årsaker ikkje kan køyre bil sjølve, er dette ein dramatisk reduksjon av livskvalitet. For eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert kvardagen mykje vanskelegare.

Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune er uroa over dette. Vi er klar over at tilbodet er kutta ut fordi der er få brukarar. Men å kutte det heilt ut der det ikkje finst andre alternativ, er svært dramatisk for dei det råkar. Ein kan lett tenke seg at det kan føre til meir passivitet og einsemd i kvardagen, ein vert meir avhengig av hjelp frå andre, og må kanskje flytte frå heimen tidlegare enn det ein elles kunne ønskje. Vi vil difor oppmode om at det vert arbeidd for å få på plass att eit rutetilbod for busette i Gaular kommune minst ein dag i veka.

Fråsegna vert å sende til Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane, Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane, Ordførar Mathias Rådheim, varordførar Anita Eide Kvamme, samt alle gruppeleiarane for partia som er representert i Gaular kommunestyre.

Samrøystes godkjend.